

## **Vurdering av innkomne merknader til reguleringsplan.**

### **Helge Tom Hansen.**

Viser til vedlagte e-post 28. juli 2015.

Denne klagen er slik me oppfattar den på den vedtekne kommuneplan for området. Denne planen vil ikkje endra tilkomst til ovannemde eigedom og utnytting av den vil kunna bli som i dag dersom denne er i tråd med gjeldande føresegner.

### **Ole Jakob Aarland.**

Viser til vedlagte e-post dat. 29. juni 2015.

Området er ikkje påverka av planen.

### **NGIR.**

Viser til vedlagte brev dat.05.06. 2015.

Plassering av avfallsdunkar er vist i planen.

### **Hordaland Fylkeskommune, fylkeskonservatoren.**

Viser til vedlagte brev dat. 18.08. 2015.

Så vidt vi veit, er det ingen som har kjennskap til noko kulturminne på det regulerte arealet. Som det står i brevet så har det vore ei kulturhistorisk synfaring i området. Eventuelle funn vil verta varsla i samsvar med gjeldande føresegner. Planarbeidet er utarbeidd i tråd med Fylkesmannen sine retningslinjer så langt det let seg gjera.

### **Bjørn Ove Diesen, Ole Irgensvei 65 E, 5019 Bergen.**

Viser til vedlagte brev.

Eigedomen ligg i LNF område og er utanfor planområdet.

### **BKK.**

Viser til brev av 06. juni 2015.

Høgspennet distribusjonsnett ligg utanfor planområdet og vil ikkje bli råka. Straumforsyning til ny busetnad vil ein koma attende til i eigen søknad når planen er endeleg vedtatt.

### **Fylkesmannen, kommunal- og samfunnsplanavdelinga.**

Viser til e-post dat. 3. juli 2015.

Planarbeidet er utført i samsvar med overordna plan så langt det let seg gjera. Vi kan ikkje sjå at den bryt med verken lokale eller nasjonale føringar.

Rosanalyse er gjort. Generelt ligg ikkje området i noko risikosone, og oppfattast som trygt for naturkatastrofar.

**Hordaland Fylkeskommune, Planseksjonen- REG AVD**

Viser til brev av 30.06.2015.

Dette oppfattast som ei påminning om og finna gode og tilpassa løysingar som tek omsyn til lokal utforming på ein god måte. Planområdet er på eit lite areal og tillet ikkje dei store vyene så måte.

Øvretveit 18.03.18.

Med helsing

Kjell Aage Bjørnevoll.